



Sigurd Børve og Jan Fosse - snart tilbake i dei gamle jobbane. (Foto: Kvinnheringen)

Jan Fosse kjem 1. april neste år att til stillinga som lensmann i Kvinnherad etter å ha vore namsfogd i Bergen sidan august i fjor. I denne tida har han vore permittert frå lensmannsjobben. Politioverbetjent Sigurd Børve frå Uskedalen har vore lensmann under permisjonen. No går Børve attende til sin tidlegare jobb, opplyser han til uskedalen.no

Fosse seier til Kvinnheringen at det er lite som er meir utfordrande og spennande enn å jobba som lensmann og at han no er svært inspirert og ser fram til å jobba på nytt kontor på Husnes.

I permisjonstida har han dagleg pendla frå Omvikdalen til Bergen og dermed hatt ein arbeidsdag på meir enn 12 timar inkludert reisetida. Dette er mykje av grunnen til at han no vender heimatt.

Då Fosse byrja som namsfogd hadde han vore ved lensmannskontoret i Kvinnherad i 24 år og syntes det var på tide å få litt personleg og fagleg påfyll.

Av Ola Matti Mathisen